

LOVER FOR SAMNANGER HISTORIELAG

Vedtekne på skipingsmøte 27. januar 2000

Siste revisjon på årsmøtet 2025

§ 1 Føremål

Laget har til føremål å fremja interessa for lokalhistorie og kulturvern. Laget skal arbeida for å ta vare på det som har historisk verdi for Samnanger.

§ 2 Verksemd

For å nå føremålet kan laget:

- samarbeida med andre lag, verksemder og kommunale organ
- skipa til møte, kurs, ekskursjonar og driva med registrering og med innsamling av munnleg tradisjon og anna historisk materiale
- gje ut årbok og andre historiske skrift
- arbeida for vern av fornminne og kulturminne av alle slag i Samnanger

§ 3 Organisering

Laget er knytt til Hordaland sogelag og Landslaget for lokalhistorie.

Laget vert leia av eit styre på 5 medlemer, med 2 varamedlemer.

Årsmøtet vel:

- a) Leiar for 1 år
- b) Styremedlemer for 2 år, slik at 2 styremedlemer står på val kvart år
- c) 2 varamedlemer for 1 år
- d) 2 revisorar (eller 1 fagrevisor) for 1 år
- e) Valnemnd på 3 medlemer for 1 år
- f) 4 medlemer til årboknemnda, med 2 års funksjonstid

Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, kasserar og skrivar.

Leiaren kallar inn til styremøte.

Varamedlemene skal ha tilsendt sakspapir og kan møta på alle styremøte.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemer er til stades.

Styret kan peika ut nemnder til å ta seg av særskilde oppgåver.

Leiar av årboknemnda og leiar av fotogruppa har møte- og talerett til styremøta og får tilsendt innkalling.

Fond-oppgåvene vert handtert av styret i Samnanger historielag.

Årsmøtet vel leiar av fotogruppa, med 2 års funksjonstid.

Styret i historielaget tilrår årleg ei godtgjeringspakke for styre, årboknemnd, revisor, fotogruppe og valnemnd. Godtgjeringa vert utbetalt året etter utført arbeid.

§ 4 Medlemskap

Medlemer i laget er dei som betaler dei årlege medlemspengane.

Utmelding or laget skal vera skriftleg.

Dei som ikkje har betalt kontingen etter 2 purringar, kan laget stryka frå medlemslista – Årbok vert ikkje utlevert.

§ 5 Rekneskap

Rekneskapen vert ført for kvart kalenderår og lagt fram for årsmøtet i revidert stand.

§ 6 Årsmøte

Årsmøte vert halde kvart år innan utgangen av februar. Det skal kunngjerast i lokalavisa med minst 14 dagars varsel. Medlemene skal kontaktast personleg, gjennom e-post eller brev.

Årsmøtet skal handsama:

- a) Årsmelding
- b) Revidert rekneskap
- c) Val
- d) Fastsetjing av medlemspengar
- e) Innkomne framlegg

Saker som skal takast opp på årsmøtet, må vera komne til styret seinast ei veke før møtet.

Det treng ikkje ekstra utlysing i Samningen om medlemer ønskjer å ta opp saker.

Alle medlemer som møter personleg, har røysterett.

Omfraamt årsmøte kan verta halde når styret vedtek det, eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det gjeld same reglar for innkalling og utlysing som for vanleg årsmøte. Omfraamt årsmøte kan berre handsama dei sakene som er gjort kjende i innkallinga.

§ 7 Lovendring og nedlegging

Endring av lovene kan gjerast på årsmøtet med minst 2/3 fleirtal.

Laget kan verta lagt ned når to etterfølgjande årsmøte vedtek det med minst 2/3 fleirtal. Laget sitt arkiv, aktiva og midlar går då til Samnanger kommune.